



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Valstyret  
**Møtestad:** , Volda rådhus  
**Dato:** 22.08.2017  
**Tid:** 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no), som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, med kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentleg ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.



**VOLDA KOMMUNE**

## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
	<b>Politiske saker</b>
PS 7/17	<b>Behov for transport til vallokala</b>

## **Politiske saker**

**PS 7/17 Behov for transport til vallokala**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2016/721
		Arkivkode:	011

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/17	Valstyret	22.08.2017

### TRANSPORT TIL VALLOKALA VED STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2017

**Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune oppmodar lag og organisasjonar å tilby transport av veljarar til vallokale i deira krins på valdagen 11. september, mot ei godtgjersle. Veljarane får frist til 5. september kl. 12.00 for å melde seg på tenesten.*

**Saksopplysningar/fakta:**

Volda kommune har redusert antal røystekrinsar frå 16 til 5 sidan førre val, og det er no røystelokale ved Ulvestad skule, Folkestad skule, Austefjord skule, Mork skule og Uppheim (for Øyra krins).

På valdagen kan veljarane som er manntalsførte i Volda kommune røyste i eitt av dei fem vallokala i kommunen, også dersom det ikkje er deira eigen røystekrins. Moglegheitene for å førehandsrøysting er i år endå betre enn ved tidlegare val:

- Tidlegrøysting i perioden 3. juli – 9. august
- Ordinær førehandsrøysting 10. august – 8. september
- Utvida opningstid under ordinær førehandsrøysting med langope fem ettermiddagar og ein laurdag
- Røystemottak på omsorgsinstitusjonar
- Røystemottak på vidaregåande skule
- Røystemottak på Volda sjukehus
- Røystemottak på Høgskulen i Volda
- Ambulerande røysting for veljarar som på grunn av sjukdom eller fordi dei er uføre ikkje kan avgje ordinær førehandsrøyst.

Det er med andre ord lagt godt til rette for at alle skal ha moglegheit til å røyste, enten på førehand eller på sjølve valdagen.

Det kan likevel vere nokre veljarar som ikkje har eigen bil og som difor ikkje kjem seg til vallokalet på valdagen utan for store vanskar. Desse vil ha behov for transport til vallokalet. Valstyret må vurdere om det skal etablerast ei eiga ordning for denne veljargruppa.

Det kan tenkjast ulike alternativ

- Organisert transport av veljarar med drosje, der veljaren melder inn behovet til servicekontoret t.d. ei veke på førehand slik at servicekontoret kan koordinere transport av veljarar innan same røystekrins. Det vil då bli ”samkjøyring” av veljarar til vallokale og retur så snart veljarane har røysta. Denne løysinga vil krevje administrative ressursar, i tillegg til at utgiftene truleg vil bli uforholdsmessig høge.
- Oppmoding til lag og organisasjonar om å tilby ei slik transportteneste, og at det evt. blir gitt ei godtgjersle for dette. Dei som ønsker å tilby slik transport, kan melde seg til servicekontoret, slik at tilbodet kan bli annonsert på kommunen si heimeside og facebookside. Også ved dette alternativet må veljaren melde inn sitt behov t.d. ei veke før valet, slik at servicekontoret kan koordinere transporten. Dette alternativet vil og krevje administrative ressursar, men kostnadene vil bli lågare enn ved drosjetransport.
- Politiske parti kan sjølve ta initiativ til å sjølve organisere transport til vallokale på valdagen for veljarar som har behov for det. Den kan i så fall annonserast via kommunen si heimeside og facebookside med kontaktinfo for dei som bistår med transport.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Dersom Volda kommunen skal dekke utgifter til drosjetransport eller godtgjersle til lag og organisasjonar for transport for veljarane, så vil dette få ein økonomisk kostnad som er vanskeleg å stipulere på førehand. Det er ikkje budsjettert med ei slik utgift.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

#### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen rår til at lag og organisasjonar blir oppmoda om å tilby transportteneste av veljarar til vallokala. Veljarane får frist til 5. september kl. 12.00 for å melde seg på tenesten. Dei som tilbyr slik transportteneste får dekt køyregodtgjersle og godtgjersle pr time.

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service

#### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Valadministrasjonen/servicekontoret for vidare arbeid